



## UKM 06/14 Vårt daglege brød

### Vedtak

#### *Takk for maten!*

Jesus lærte disiplane sine å be: «Gjev oss i dag vårt daglege brød» (Matt 6,11).

Sidan den gongen har kristne over heile verda bede denne bønna. Brød og annan mat er livsviktig for oss alle.

Ungdommens kyrkjemøte 2014 (UKM14) har under overskrifta «Vårt daglege brød» drøfta aktuelle problemstillingar til mat og matproduksjon i ei verd med store klimaproblem og urettferdig fordeling av ressursar.

Nyhendemedium melder at norske bønder uroar seg for framtidig mattryggleik, også i Noreg.<sup>1</sup> Norske styresmakter tek til orde for større og færre gardsbruk i Noreg. Samtidig tek FNs ansvarlege for matrett til orde for det motsette, eit initiativ for meir agroøkologi, ei omlegging av landbruksstøtta frå store til små produksjonseiningar.<sup>2</sup>

Ei støtte til lokal matproduksjon må ikkje misbrukast som eit argument for ein *streng proteksjonisme* som hindrar handel med landbruksvarer frå utviklingsland. Ein kan spørje om det ikkje vil vere betre å produsere maten i andre delar av verda, for eksempel i u-land. Forsking viser at innan år 2030 må den samla matproduksjonen i verda aukast med 30 %.<sup>3</sup> UKM14 meiner derfor at det gir lita meining å stille desse målsetjingane opp mot kvarandre ettersom behovet for ei berekraftig utvikling av framtidig matproduksjon gjeld for heile verda (ikkje berre Noreg eller Afrika).

Marknadmekanismar og konkurranse har ført til færre, men større einingar hos vidareforedlingsindustrien og matprodusentane. Lokale arbeidsplassar er gått tapt, og produkt og varemerke har mista si lokale tilknytning når produksjonen blir flytta eller flagga ut. Vi er glade for at samarbeid om sporbarheit av mat og bygging av lokale merkevarer medverkar til å ansvarleggjere og bevisstgjere forbrukaren. Som **kundar og forbrukarar** meiner UKM14 at det er viktig å jobbe for å oppnå dette.

Mat er ikkje noko sjølvsgatt, men ein grunn til at vi skal vere svært takksame og audmjuke, og eit uttrykk for at vi er heilt avhengige av samspelet med naturen rundt oss. For kristne er det ein grunn til dagleg å takke Gud for den maten som er gitt oss.

Å setje seg inn i tema som produksjon, distribusjon, forbruk og kasting av mat er utfordrande. UKM14 meiner det er nødvendig at forbrukarar får eit meir informert og reflektert forhold til desse temaa. Dette området utgjer ein stor del av klima- og miljøproblema i verda. Store globale og nasjonale forhold er her fletta saman med livsstilsspørsmål på det personlege planet.

<sup>1</sup> <http://www.nrk.no/norge/1.11937214>

<sup>2</sup> [http://www.theecologist.org/News/news\\_analysis/2566719/un\\_only\\_small\\_farmers\\_and\\_agroecology\\_can\\_feed\\_the\\_the\\_world.html](http://www.theecologist.org/News/news_analysis/2566719/un_only_small_farmers_and_agroecology_can_feed_the_the_world.html)

<sup>3</sup> <http://www.bistandsaktuelt.no/nyheter-og-reportasjer/arkiv-nyheter-og-reportasjer/det-m%C3%A5-koste-%C3%A5-forurene>

Alle auge ventar på  
deg, og du gjev dei mat  
i rett tid. Du opnar di  
hand og mettar alt  
levande med det gode.  
(Sal 145, 15–16)  
Eg er livsens  
brød. (Joh 6, 48)  
Jesus seier: Eg er livsens  
brød. (Joh 6, 48)  
For eg var  
svolten, og de gav meg  
mat ... (Matt 25, 35)  
Jesus seier: For eg var  
svolten, og de gav meg  
mat ... (Matt 25, 35)



På grunn av dette er det nødvendig å påverke alle nivå i verdikjeda til å vere medvitne og ta ansvar. Vi vil nå så mange som råd.

Derfor vil UKM14 vere så frimodige å dele ei oppskrift som viser nokre ingrediensar og nødvendige steg i retning av meir berekraftig forbruk og matproduksjon.

## Oppskrift på berekraftig produksjon og forbruk av mat

Vi trur det er viktig å dele og diskutere gode oppskrifter når det gjeld mat!

### Ingrediensar:

1. **Matprodusentar** i heile den mangfaldige verda vår som er glade for og stolte over sjansen til å kunne forvalte og utnytte lokale areal og ressursar. Målet må vere å produsere mat på ein så berekraftig og miljøvennleg måte som mogleg.
2. **Vidareforedling, distribusjon og varehandel** der lokale bedrifter medverkar til å skape eit mangfald av produkt som har tilknytning til lokalmiljøet, og som gjer at vi blir mindre sårbare og mindre avhengige av sentral distribusjon.
3. Vi treng **forbrukarar og matprodusentar** med kunnskap, interesse og høgt etisk medvit om kva verdi maten har, og om ansvaret vårt og korleis vi kan påverke verdikjeda frå jord til bord. Men det må presiserast at nærleik ikkje alltid er det same som berekraft.

### Førebuingar:

Alle dei ulike ingrediensane må vere til stades og samhandle om vi skal få ein meir berekraftig matproduksjon. Vi må hjelpe og utfordre kvarandre. Det vil til sjuande og sist alle tene på. Ei marknadstenking der personleg profitt er til skade for andre og miljøet, vil alle tape på i lengda.

**Politikarar og styresmakter** må skaffe nødvendige rammefaktorar som fremjar ei slik utvikling. Vi må gi politikarane eit tydeleg mandat til å arbeide for meir berekraft: Vi ber ikkje om enda billigare mat! Det eksisterande rammeverket treng etter vår meining ein kritisk gjennomgang, og om nødvendig må vi endre det for å gjere ei berekraftig utvikling mogleg.

**Samfunnet** må verdsetje og lønne den jobben bøndene gjer for levande lokalsamfunn og landskapsrøkt, mellom anna gjennom dyrehald på beite- og utmarksareal.

### Framgangsmåte:

1. **Produsenten** bør, utan å gå på akkord med dei økologiske rammefaktorane og biomangfaldet på staden, produsere og utnytte råvarene mest mogleg. Forholdet mellom produsent og forbrukar må styrkjast vidare, for eksempel gjennom ytterlegare sporbarheit av mat og bygging av lokale merkevarer.
2. **Matindustri og handel i alle ledd** av verdikjeda til maten må framleis arbeide for å redusere det store problemet med matkasting.<sup>4</sup> Etableringa av Matsentralen<sup>5</sup> i Oslo har ført til at 600 tonn med overskotsmat det siste året er vidareformidla til humanitært arbeid i frivillige

<sup>4</sup> Som prosjektet *ForMat* (<http://www.nhomatogdrikke.no/format>)

<sup>5</sup> Sjå <http://www.matsentralen.no/>



organisasjonar. Slike ordningar trengst fleire stader i landet. Samtidig har store delar av matvarehandelen fått pålegg om å kaste eller destruere fullt brukande mat, for eksempel fordi han er gått ut på dato. UKM 2014 meiner dette er etisk forkasteleg, og at butikkane bør ha høve til å selje varene til nedsett pris eller gi maten bort til humanitære formål. Det må òg leggjast meir vekt på dei økonomiske og miljømessige kostnadene ved lang transport og overdriven emballering av matvarer.<sup>6</sup>

3. Vi er glade for at fleire støttar opp om **lokale produsentar** og **initiativ** som matkooperativ<sup>7</sup>, andelsbruk<sup>8</sup> og andre kreative måtar for å skape medvit om mat og nært forhold mellom forbrukar og matprodusent.
4. I eit demokrati ligg hovudansvaret for ei slik utvikling til sjuande og sist på kvar og ein av oss, både som **kunde, forbrukar og veljar**.

Som forbrukarar må alle skaffe seg meir kunnskap om mat og matproduksjon:

- «Best før» tyder for eksempel ikkje «giftig etter». Det blir kasta 300 000 tonn mat i Noreg kvart år. Dette utgjer drygt 70 kg pr. person, og svarar til ei mengd mat som vil kunne hindre underernæring hos nesten fem millionar menneske. Dette må reduserast til eit absolutt minimum.
- Som forbrukarar er vi utfordra til å vise større vilje til å betale ein pris for maten som ikkje er til skade for miljø og berekraft. I dette ligg òg at den som produserer maten, må få nødvendig lønn for jobben, anten det er i Noreg eller i eit utviklingsland – jf. Fairtrade.
- Kjøttforbruket vårt medverkar sterkt til klimautsleppa. Dersom alle nordmenn kuttar ned på kjøttforbruket og for eksempel et éin vegetarmiddag meir i veka, minskar vi utsleppa med ei mengd som svarar til utsleppa frå 200 000 bilar.<sup>9</sup> Derfor meiner vi at vi alle har eit felles ansvar for kjøttforbruket vårt.

Vi bør bruke nok tid på å lage til, nyte og verdsetje maten som den gáva han er.

### **Serveringstips:**

**UKM14 meiner at kyrkja kan og må medverke til å setje søkjelys på eigenverdien av skaparverket og det ansvaret vi som menneske har for både å vere ein integrert del og samtidig ein ansvarsmedviten forvaltar av mangfaldet i skaparverket.** Allereie i skapingsforteljingane i Bibelen ber Gud oss menneske om å dyrke og passe hagen hans. Matproduksjon og forbruk er del av eit større bilete av forholdet vårt til klima, miljø, rettferd og berekraft. Vi treng å bli minte om at vi er komne av jord og skal bli til jord igjen. Samtidig er vi del av ei global kyrkje og har eit ansvar for syskena våre i andre delar av verda. Det er svært gode argument for at «trade, not aid»<sup>10</sup> òg medverkar til den mest berekraftige utviklinga i fattige land. Derfor har Den norske kyrkja og Kirkens Nødhjelp vore engasjerte i slike spørsmål, mellom anna gjennom etablering og drift av Stiftelsen

<sup>6</sup> Også frakt og produksjon av emballasje har eit betydeleg klimafotavtrykk.

<sup>7</sup> Sjå f.eks. <http://www.nrk.no/ostlandssendingen/dugnadsand-for-okologisk-mat-1.11454575>

<sup>8</sup> Sjå f.eks. <http://www.overlandel.no>

<sup>9</sup> «Spis flere kjøttfrie middager». Kampanjemateriell *Framtiden i våre hender* 2014.

<sup>10</sup> Sjå f.eks. <http://www.globalization101.org/trade-not-aid/>



Fairtrade og Initiativ for Etisk Handel.<sup>11</sup>

Som kyrkje kan vi feire Guds gåver, for eksempel gjennom tradisjonen med å feire hausttakkefest. Andre kyrkjelydar har ein «kyrkjeleg kjøkkenhage» – ut frå kva lokale forhold gir rom for. Uavhengig av dette kan vi vise veg gjennom ansvarsmedviten handling i vår eiga drift, for eksempel gjennom å vere grønne kyrkjelydar eller Miljøfyrtårn.<sup>12</sup> **UKM14 oppfordrar alle kyrkjelydar** til å ha fokus på dette arbeidet, og til å vere kreative i både ord og handling, fest og protest.

UKM14 set pris på at det omsider blir laga ein klimarekneskap og handlingsplan for klima, miljø og rettferd for heile Den norske kyrkja. Alle **kyrkjelydar, fellesråd, bispedømme og kyrkja sentralt** har eit felles ansvar for å delta og medverke til gode samarbeidsrutinar rundt dette. UKM støttar kyrkja i samarbeidet med andre om slike spørsmål, som for eksempel med miljøorganisasjonar, fagforeiningar og bondeorganisasjonar i Klimavalgalliansen.

**UKM14 oppfordrar Kyrkjerådet** til å arbeide vidare med utfordringane vi reiser i dette dokumentet, knytte til matproduksjon og forbruk saman med både styresmakter, næringsorganisasjonane og handelsnæringa. UKM14 utfordrar Kyrkjemøtet til å setje dette temaet og vilkåra for primærnæringane i Noreg og verda på dagsordenen, og ber om at ein nyttar alle høve til å føre sakskomplekset vidare i heile den kyrkjelege organisasjonen. Vi håper at dette dokumentet kan vere ein ressurs vidare i denne prosessen.

***Vel unnt!***

---

<sup>11</sup> Sjå <http://www.fairtrade.no>, <http://www.etiskhandel.no/>

<sup>12</sup> Sjå <http://www.gronnkirke.no>